

1031 bedrifter i Noreg blir kontrollerte av personal med russisk, kinesisk eller iransk statsborgarskap. – Eit betydeleg innsyn vi ikkje har hatt før.



KVEN ER EIGAREN? I lang tid har det vore svært vanskeleg å vite kven som er dei reelle eigarane av selskap i Noreg. No viser eit nytt register at 10 prosent av norske selskap er kontrollerte av utanlandske statsborgarar.

FOTO: CORNELIUS POPPE / NTB

[Karoline Johannessen Litland](#)

Journalist

[Ragnhild Vartdal](#)

Journalist

[Fredrik Kampevoll](#)

Journalist

Personar kan ha mange gode grunnar til å ville skjule om dei er reelle eigarar av eit selskap eller ei verksemd.

På den måten kan dei til dømes kome seg unna skatt eller sanksjonar, eller drive med korrupsjon eller terrorfinansiering.

Gjennom svært kompliserte eigarstrukturar, er det fort gjort å skjule kven som faktisk har kontroll og drar i trådane.

Les også

Shippingselskap med øyne på Kirkenes er svartelistet av USA



Meiner skjult eigarskap er sikkerheitsrisiko

Både [Økokrim](#) og [Nasjonal sikkerhetsmyndighet](#) (NSM) meiner skjult eigarskap er ein trussel mot nasjonal sikkerheit.

Ofte blir Russland, Kina og Iran trekte fram som land det er knytt sikkerheitsrisiko til.

No blir det for første gong offentleg kjent at 1031 norske bedrifter blir kontrollerte av personar med russisk, kinesisk eller iransk statsborgarskap.

– Vi bør definitivt bry oss om dette frå eit sikkerheitspolitisk perspektiv, seier Andreas Fjeldskår, dagleg leiar i Tax Justice Norge.



Dagleg leiar i Tax Justice Norge, Andreas Fjeldskår.

FOTO: RAGNHILD VARTDAL / NRK

– **Utanlandske eigarar kan ha interesse av å få informasjon og innflytelse i norske selskap som vi meiner dei ikkje bør ha, seier Fjeldskår.**

– **Vanvitig**

Organisasjonen har gått gjennom det nye [eigarskapsregisteret](#).

Allereie i 2015 [bad Stortinget regjeringa om å lage eit offentleg eigarskapsregister](#), men det er først no, [ti år seinare](#), at det omsider er på plass.

Les også

Nå blir de utenlandske eierne synlige



– Dette er eit betydeleg innsyn som vi ikkje har hatt før, og som vi må sjå mykje nærare på.

Dei har blant anna funne at:

- **Russland:** 381 norske bedrifter blir kontrollerte av personar med russisk statsborgarskap, medan 12 blir kontrollerte av personar som bor i Russland.
- **Kina:** 378 norske bedrifter blir kontrollerte av personar med kinesisk statsborgarskap, medan 32 blir kontrollerte av personar som bor i Kina.
- **Iran:** 272 norske bedrifter blir kontrollerte med personar med iransk statsborgarskap, medan kring 10 blir kontrollerte av personar som bor i Iran.

Når det gjeld selskap som driv med kritisk infrastruktur i Noreg, ser det slik ut:

- 15 selskap har reelle eigarar med russisk statsborgarskap
- 10 selskap har reelle eigarar med kinesisk statsborgarskap
- 11 selskap har reelle eigarar med iransk statsborgarskap

– **Det er vanvitig å sjå at vi i nokre tilfelle ikkje har kontroll på kven som eig norsk kritisk infrastruktur, seier Fjeldskår.**

[Les også](#)

I Zug bader de i penger fra norsk vindkraft



– **Ein grunn til at vi følgjer med**

Han viser blant anna til at vi har hatt saker kor vi ikkje veit kven som eig norske vasskraftverk.

Kven driv med kritisk infrastruktur?

Slik har Tax Justice Norge definert kva slags verksemder som driv med kritisk infrastruktur. Dei driv med:

- Produksjon av elektrisk utstyr
- Produksjon av andre transportmiddel
- Forsyning av elektrisitet, gass, damp og fjernvarme
- Oppsamling, behandling og levering av vann

- Oppsamling og behandling av avløpsvatn
- Innsamling, behandling og disponering av avfall, gjenvinning
- Anleggsverksemd
- Landtransport og rørtransport
- Sjøfart
- Lufttransport
- Post- og distribusjonsverksemd
- Produksjon av datamaskiner og elektroniske og optiske produkt
- Kringkasting
- Telekommunikasjon
- Informasjonstenester

Kan eigarskap frå Russland, Kina og Iran vere problematisk for Noreg?

Nasjonal sikkerheitsmyndigheit seier det ikkje er eit problem i seg sjølv, men:

– Det er klart at det er ein grunn til at vi følgjer med på eigarskap når det kjem til dei verksemdene som er underlagt sikkerheitslova eller har betydning for nasjonal sikkerheit, seier NSM-sjef Arne Christian Haugstøyl.



Sjef i Nasjonal sikkerhetsmyndighet (NSM), Arne Christian Haugstøyl.

FOTO: JONAS BEEN HENRIKSEN / NTB

Også PST følger tett med på russiske og kinesiske investeringar i Noreg. I [si trusselvurdering](#) skriv dei:

«Vi forventar at både Russland og Kina ønskjer å sikre sine nasjonale sikkerheitsinteresser gjennom investeringar i og oppkjøp av selskap og eigedom i Noreg».

Torsdag lanserer Tax Justice Norge heile si analyse av eigarskapsregisteret.

Finansdepartementet, som har ansvar for eigarskapsregisteret, har ikkje lese rapporten enda, og har difor ingen kommentar til innhaldet i den no.

– Generelt er større openheit om eigarskap i næringslivet eit viktig mål for regjeringa, seier statssekretær Torgeir Eikstad Micaelsen.

Publisert 12. nov. 2025 kl. 22:33 Oppdatert 13. nov. 2025 kl. 11:57

- 14:47 Tyrkia tror iransk rakett var på avveier og ikke rettet mot tyrkisk område
- 14:43 Minst 80 drept da amerikansk ubåt senket iransk krigsskip
- 14:20 Hegseth: USA vinner i Iran
- 14:13 Hegseth bekrefter at amerikansk ubåt senket iransk krigsskip utenfor Sri Lanka
- 14:02 Sjøoffisersforbundet: Ingen nordmenn innenfor Hormuzstredet
- 13:57 USAs finansminister: Ny toll kommer trolig denne uka
- 13:54 VG: Økokrim bekrefter at de etterforsker visumhjelp
- 13:31 Det israelske forsvaret sier de har igangsatt en ny angrepsbølge sør i Libanon
- 13:19 UKMTO: Kontainerskip rapporterer om at det er truffet av ukjent prosjektil
- 13:02 Uavhengige FN-granskere fordømmer sterkt USA og Israels angrep mot Iran
- 12:57 13 personer involvert i skred
- 12:47 Israel mener Europa allerede er i krig med Iran
- 12:45 Tyrkia: Nato-luftforsvar stanset iransk rakett på vei inn i tyrkisk luftrom
- 12:38 Planlegger fortsatt åpning av E8 etter konkurs
- 12:23 Fredrik Solvang bekrefter ny jobb

Følg nyhetsbildet **akkurat nå**



NRK Nyheter

Sentralbord: 23 04 70 00

Nyhetsdirektør: Marius Tetlie



Nyhetstips 03030 →

Kontakt

